



Bestemor Sella Hjørnevang og prosjektleiar Odd Steinar Arnesen saman med Ella Karina Hjørnevang og Saima Kristine Lomheim Døssland

Dette er berre fantastisk. Vi er strålende fornøgd med kvelden.

Det sa rektor Marie Elisabeth Kaldestad og viserektor Odd Steinar Arnesen då 3 timers lesevake var avslutta med kveldsmat på skulen i kveld.

Arrangementet vart ein knallsuksess slik det som regel er når noko skal skje i skuleregi for tida. Skulen vår er utan tvil inne i ein frisk medvind.

Dei 3 timane i kveld var eit ledd i leseprosjektet som strekkjer seg gjennom heile skuleåret. Arrangementet omfatta dei 3 lågaste klassane og føremålet var som for heile prosjektet å auka leselysten blant dei yngste.

Ingvill Sandvik innleia og så skjedde mykje på fleire stasjonar som forlag, bibliotek og høgtlesingsgrupper.

Det mest positive denne kvelden var at det møtte fram nesten like mange besteforeldre - meir enn 40 - som elevar. Talet på deltakarar stoppa dermed rundt 100 medan det er 52 elevar i dei 3 klassane. Besteforeldra var ikkje berrre ledsagarar, nokre var og aktive aktørar og fortalde frå gamle dagar.

Fleire besteforeldre slo etterpå fast at også dei hadde lært mykje denne kvelden, ikkje minst på datafronten. Og mange elevar tykte det var utruleg kjekt at besta eller besten var med.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Og til slutt var det kveldsmat